

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår sakshandsamar:

Ole Opheim Røthe
Innvalsnummer:

57 65 56 74

Dato

02.05.2007

Dykkar ref.:

Vår ref.:

07/127/OOR
/C61/&13

HØYRINGSSKRIV 'BIBLIOTEKREFORM 2014' - MERKNADER FRÅ LEIKANGER KOMMUNE

Leikanger kommune har motteke utgreiinga 'Bibliotekreform 2014' til høyring.

Kommunen merker seg generelt at reforma inneheld mange positive framlegg som skal styrke biblioteksektoren her til lands. Målet med reforma er at biblioteksektoren i 2014 skal framstå sterkare og meir kompetent enn i dag. Biblioteka skal etter reforma kunne levere gode, relevante og oppdaterte tenester til brukarane, og la dei få kunnskap, kompetanse og kulturopplevingar.


Leikanger kommune har ikkje problem med å seie seg samd i reforma sitt mål!

Men kommunen reagerer sterkt på eit framlegg i reforma, som inngår i strategien for å nå reforma sitt mål. Dette gjeld framlegget i målområde 2: 'Norgesbiblioteket – struktur og organisering'. I framlegget vert det lagt opp til konsolidering av bibliotek, som inneber samanslåing av små bibliotek til større bibliotekeningar. Konsolideringsframlegget vil i praksis seie at mange små bibliotek i kommunane i Sogn og Fjordane vil måtte slå seg saman til større bibliotek i nabokommunar eller kanskje lenger vekk! Framlegget til konsolidering tek ikkje mykje omsyn til geografi og storleik på kommunar, som t.d. i Sogn og Fjordane fylke. Vi meiner framlegget til konsolidering m.a. her i fylket vil føre til ei sentralisering av biblioteka som vil gje dårlegare bibliotektilbod til brukarane.

Vi meiner at staten gjennom ABM må opne for fleire typar samarbeid mellom bibliotek, ikkje berre gå inn for konkret samanslåing av desse!

Under same målområde ser vi at reforma legg opp til ei styrking av skulebiblioteka gjennom eit eige program. Kommunen ser positivt på dette framlegget, og voner at det let seg starte opp i 2009.

Med helsing


Ole Opheim Røthe
tenesteleiar kultur og fritid